

Alternativ medisin utan effekt

Kristian Gundersen viser kor meiningslause teoriane bak alternativ medisin er og dokumenterer at ingen velkontrollerte studiar har vist at alternative behandlingsmetodar har effekt.

SAKPROSA

KRISTIAN GUNDERSEN:

Snåsakoden. En kunnskapsbasert guide til alternativ medisin

ASCHEHOUG 2013

Kristian Gundersen er biolog og professor i fysiologi ved Universitetet i Oslo. Han er kjend frå media som kritikar av den alternative medisinen. I denne boka tek han for seg nærare femti alternative behandlingsformer.

I ei tid med høgt opplysningsnivå og framsteg for den tradisjonelle medisinen er alternativ medisin eigenleg eit merkeleg fenomen. For det er ikkje berre uopplyste truskuldige menneske som søker seg til desse kvakksalvarane, men òg folk med akademisk utdanning.

Tidlegare statsråd Dagfinn Høybråten ville endre kvakksalvarlova og sette ned eit utval som skulle greie ut alternativ medisin. Aarbakke-utvalet kom med tilrådinga si i 1998. Berre to av utvalet på sytten var professorar i medisin, nemleg Jarle Aarbakke og Vinjar Fønnebo. Andre medlemmer av utvalet var allmennlegar, sjukepleiarar og samfunnsvitarar, med eit par homøopatar, ein soneterapeut, ein akupunktør, ein naturterapeut og ein kinesiolog.

Sidan placeboeffekten spelar slik ei stor rolle i diskusjonen om alternativ medisin, skulle ein tru at utvalet i det minste hadde inkludert ein psykolog eller psykiater, men slike glimra ved sitt fråvær. Høybråten, som sette ned utvalet, fekk ei ukritisk utgrei-

ing, men statsråden fekk det han ynskte, og kvakksalvarlova kunne avskaffast.

«ALTERNATIV» KOMMUNELEGE

Høybråten har elles fått god støtte frå andre politikarar. På 1990-talet gav statsminister Thorbjørn Jagland uttrykk for at norsk medisin trong meir homøopati, og stortingspolitikarar og statsrådar i den raudgrøne regjeringa har stilt seg positive – dei må lytte til røysta til folket. No har alternativ medisin openbert òg vunne innpass i kommunepolitikken. Tru det eller ei, ifølgje Gundersen har Fyresdal kommune utlyst stilling som «alternativ» kommunelege: «Vi ynskjer å nytte det beste frå vestleg og alternativ medisin», seier kommunen, og «legen vil få ansvar for å bygge opp eit godt førebyggjande helsetilbod som foreinar det kommunale tilbodet med alternativ medisin». Som kjent har NRK i mange år i diskusjonsprogram gjeve alternativ medisin meir plass enn den vitenskaplege medisinen.

Kva er så skilnaden på den tradisjonelle medisinen, som nokon kallar skolemedisin, og den alternative eller kvakksalvarmedisinen som eg likar å kalle han? Typisk er i den tradisjonelle medisinen at nye hypotesar og behandlingsmetodar vert kritisk etterprøvd.

Det er ikkje vanskeleg å finne døme på at den tradisjonelle medisinen har teke feil, men den vitenskaplege medisinen har i stor grad vore viljug til å forlate tvilsame terapiar når prov for mang-

lande effekt vert lagt på bordet. Heilt annleis er det med den alternative medisinen, som er tufta på tru og dogmatikk og ofte utforma av enkeltpersoner lang tid tilbake. Omgrep som livskraft og vitalenergi går ofte att i den alternative medisinen, omgrep som er utan vitenskapleg grunnlag. Derfor skjer det heller inga nyutvikling i alternative retningar.

KUNSTIG

Enkelte vil gjerne skilje mellom seriøse og ikkje seriøse utøvarar av alternativ medisin. Men eit slikt skilje er kunstig. Demonutdriving og åndemaning er like seriøst som homøopati og soneterapi.

Frå gammalt av har alternativ medisin stått sterkt i kontinentaleuropa, svakare di lenger nord ein kom. Her i landet er alternativ behandling meir utbreidd mellom yngre enn eldre, meir vanleg hos kvinner enn menn, og særleg ofte går sjukepleiarar til alternative behandlarar.

Mange opplever dei vert hjelpte av alternativ medisin, noko det er liten grunn til å tvile på. Dei som ikkje får hjelp, høyrer vi lite frå. Det gjeld ofte vondt i hovud, nakke og rygg og angst og depresjon der psykiske komponentar spelar ei sentral rolle. For mange pasientar er diagnosen viktig, den får dei av den alternative som ofte gir pasienten god tid, i alle fall ved første gongs samtale. Dessutan gir dei tru og von til pasienten, kanskje den viktigaste ingrediensen i eit godt pasient-terapeut-forhold. Når alternative metodar verkar, skjer det gjenom psykiske prosessar og ikkje



Homøopati, og til dels akupunktura, og urtemedisinen blir omtala grundig i boka. Foto: NTB scanpix


på grunn av dei spesifikke teknikkane, slik utøvarane påstår.

Gundersen viser ved døme kor meiningslause teoriane bak alternativ medisin er, og dokumenterer at ingen velkontrollerte studiar har vist at alternative behandlingsmetodar har effekt. For nokre år sidan var det stor glede mellom homøopatar, for ein artikkel i Nature, eit prestisjefullt engelsk tidskrift, hadde synt at vatn hadde «minne» etter å ha vore i kontakt med den homøopatiske medisinen. Men heile historia enda som ein skandale då redaktøren og ein tryllekunstnar reiste til Paris og avslørde bedraget.

Det er eit mylder av såkalla alternative retningar, og forfatta- ren kan ikkje gå i detalj på alle. Men homøopati, og til dels akupunktura, og urtemedisinen blir omtala grundig. Kjernen i homøopati er at ein kan behandle ein sjukdom med ein medisin som kan framkalle lidinga. Likt lækjer likt, er teorien, *similia similibus curantur*. Lækjemidla skal brukast i sterk fortynning, for fortynninga forsterkar eller potenserer effekten. Som forfatta- ren seier: «Innenfor den homøopatiske virkelighetsoppfatning blir det helt plausibelt å helle en flaske maltwhisky i Atlanterhavet for så å drikke sjøvannet mot tømmermenn».

Kristian Gundersen er sjølv- sagt òg innom fenomenet Snåsamannen og tidlegare helseminister Bjarne Håkon Hanssen som fortalde om korleis son hans vart kurert for spedbarnskolikk gjennom telefonlækjing. Han er òg innom Ingar Sletten Kolloen som saman med forlaget Gyldendal tente seg rike på den ukritiske boka om Snåsamannen, og advokat Cato Schiøtz som til og med meinte at prova for at Snåsamannen hadde overnaturlige evner, ville halde for norsk rett (*sic*).

Kristian Gundersen har lagt ned eit stort arbeid i denne viktige boka som bør lesast av



Omgrep som livskraft og vitalenergi går ofte att i den alternative medisinen, omgrep som er utan vitenskapleg grunnlag.

mange, også stortingspolitikarar. Svake parti? Den psykologiske effekten av placebo kunne vore betre framstilt og det historiske perspektivet meir utfyllande. Han får såleis ikkje heilt klart fram at placebo eigenleg har lite med narremedisin å gjere, men er uttrykk for eit kommunikasjonsforhold mellom terapeut og pasient der forventning om betring av symptom er heilt sentralt.

EINAR KRINGLEN

Einar Kringlen er professor emeritus i medisin (psykiatri).



Joralf Gjerstad alias «Snåsamannen». Foto: Gorm Kallestad / NTB scanpix



Tidlegare statsråd Bjarne Håkon Hanssen har tru på Snåsamannen. Foto: Marit Hommedal / NTB scanpix



Dagfinn Høybråten fekk endra kvakksalvarlova. Foto: Stian Lysberg Solum / NTB scanpix